

AUSTRHEIM KOMMUNE

Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

v/ Asbjørn Nagell Toft

Dykkar ref: 16/1019 - 10 / ANT

Vår ref: 2017/023819

Dato: 23.02.2017

Org.nr: 985399077



Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

UTTALE TIL KOMMUNEDELPLAN FOR VASSFORSYNING OG AVLØP I AUSTRHEIM KOMMUNE 2017 - 2027

Mattilsynet har i brev datert 02.02.2017 motteke kommunedelplan for vassforsyning og avløp i Austrheim kommune 2017 – 2017 som er til offentlig ettersyn fram til 15. mars 2017.

Som tilsynsmynde etter drikkevannsforskriften uttaler vi oss om den delen av planen som omhandlar vassforsyning.

Kommunedelplanen er datert 15. februar 2013 og er ikkje oppdatert for den nye drikkevannsforskriften. Planen må gjennomgåast for å ta konsekvensen av nye krav som er gjort gjeldande frå 1.1.2017.

Ny Forskrift om vannforsyning og drikkevann (*drikkevannsforskriften*) (FOR-2016-12-22-1868) er gjeldande frå 1.1.2017

Sjå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-12-22-1868> .

Det er viktig å ha ein overordna plan for vassforsyning i Austrheim kommune for å kunne sikra at vassforsyninga i Austrheim er i tråd med krava i *drikkevannsforskriften*. Det er derfor positivt at det no vert føreteke revisjon av kommunen sin plan for vassforsyning som var blitt 16 år gamal sidan førre revisjon.

Hovudmålsetjinga i kommunedelplanen har ordlyden, sitat side 7 i plandokumentet:

«Austrheim kommune skal, så langt det er fornuftig, yte service, tilrettelegga og tilby nok vatn av drikkevatkvalitet til innbyggjarane, industri og næringsliv.»

I plandokumentet på side 15 under *punkt 2.1 Rammevilkår for vassforsyninga* står det, sitat:

«I utgangspunktet har ikkje ein kommune noko alminneleg plikt til å byggja eller driva vassforsyningsanlegg for innbyggjarane sine.»

Her vil vi gjera merksam på *Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg* (LOV-2012-03-16-12), § 1. Kommunalt eigarskap til vass- og avløpsanlegg, 1. og 2.ledd:

Nye vass- og avløpsanlegg skal vere eigd av kommunar. Eksisterande vass- og avløpsanlegg kan berre seljast eller på annan måte overdragast til kommunar. Vesentleg utviding eller samanslåing av eksisterande private anlegg kan berre skje med løyve frå kommunen etter § 2.

www.mattilsynet.no

Mattilsynet
Region Sør og Vest

Saksbehandlar: Odd Tøsdal
Tlf: 22 40 00 00 / 22778767
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Hugs namnet på mottakaren)

Postadresse:
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

I lova her er det med vass- og avløpsanlegg meint hovudleidningar for vatn og avløp, pumpestasjonar, høgdebasseng, anlegg for handtering og reinsing av vatn og avløp m.m.

Sjå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2012-03-16-12>

Austrheim vassverk leverer drikkevatt med god kvalitet.

Når Austrheim kommune gjennom sitt planarbeid likevel avdekkar tilhøve ved vassforsyningssystemet som ikkje er i samsvar med krava i *drikkevannsforskriften* har Austrheim kommune som vassverkseigar plikt til å retta opp manglane.

Austrheim kommune må derfor i samband med handsaming av denne kommunedelplanen vedta konkret og forpliktande framdriftsplan for å retta feil og manglar ved drift og vedlikehald av vassforsyningssystemet i kommunen.

Tiltaka må tidfestast forpliktande med naudsynt finansiering. Vassverkseigar Austrheim kommune må syna klår vilje til å sikra at naudsynte tiltak vert utførte.

Rådmannen i Austrheim har sjølv gjeve ei god oppsummering av utfordringane, sitat:
«Austrheim kommune sine hovudutfordringar innan vassforsyningsområdet er:

-Austrheim kommune si reservevassforsyning har Lindås kommune ansvar for til høgdebassenget på Litlås.

Dette er sårbart i forhold til at me berre har ein vassleidning fram til høgdebassenget på Årås.

-Kapasitet og tryggleik i vassforsyninga er for dårleg.

-Det er meir enn 50% lekkasjar på det kommunale leidningsnett. Oppdatera leidningskartverket.

-Hovudoverføringsleidningar frå Litlås (sjøleidningar) til vestsida av Austrheim er sårbar.

-Høgdebassenget på Årås dekkjer forbruket i 10 timer om ikkje tiltak for å redusera vassforbruket vert sett inn.

-Kommunen har ikkje driftskontrollsystem og det er såleis lite mogeleg å overvaka vassforbruk og følgja opp lekkasjar.»

Mattilsynet gjennomførte den 29.11.2016 revisjon av høgdebasseng, transportsystemet for drikkevatt og vassforsyningssystemet i Austrheim kommune og påla gjennom vedtak den 8.12.2016 at Austrheim kommune innan 22.05.2017 skal:

- 1) gjennomføra ein risiko- og sårbarhetsanalyse for heile vassforsyningssystemet, frå inntak til mottakar. ROS-analysen skal omfatta alle uønska hendingar som kan tenkjast å inntreffa, og som kan få betydning for vassleveransen.
- 2) sørgja for å revidera vassverkets beredskapsplan, etter at det først er gjennomført ein ROS-analyse for vassforsyninga.
- 3) etablera rutine og plan for beredskapsøvingar som over tid sikrar øving av heile beredskapsplanen for alt relevant personell.

Vedtaket er ikkje påklaga og står såleis ved lag. Det er viktig å gjennomføra desse tiltaka som del av det vidare arbeidet med kommunedelplanen for vassforsyning.

Austrheim har pr i dag ikkje ei eiga reservevasskjelde som stettar krava *drikkevannsforskriften*. Planen uttrykkjer at avtalen med Lindås sikrar reservevassforsyning. Dette er likevel sårbart, då denne reservekjelda (Rotavatnet i Lindås) er knytta til Austrheim på same tilknytningspunktet som hovudvassforsyninga frå Storavatnet i Lindås, på Litlås som er ein ytterkant av vassleidningsnett.

Det er derfor nyttig at arbeidet med å få ei sikrare reservevassforsyning for Austrheim held fram.

Drikkevannsforskriften, sitat:

§ 9.Leveringssikkerhet, 1. og 2.ledd:

Vannverkseieren skal sikre at vannforsyningsystemet er utstyrt og dimensjonert samt har driftsplaner og beredskapsplaner for å kunne levere tilstrekkelige mengder drikkevann til enhver tid.

Vannverkseieren skal legge til rette for at vannforsyningsystemet kan levere nødvann til drikke og personlig hygiene uten bruk av det ordinære distribusjonssystemet.

Dokumentet *Prioritert handlingsplan 2017-2027* legg under VASSFORSYNING opp til 1 % årleg fornying av leidningsnettet. Med meir enn 50 % lekkasjar på det kommunale vassleidningsnettet er dette viktig oppgåve å prioritera.

Drikkevannsforskriften, sitat:

§ 15.Distribusjonssystem og internt fordelingsnett, 2.ledd:

Vannverkseieren skal sikre at det utarbeides en plan for hvordan distribusjonssystemet skal vedlikeholdes og fornyes, og at denne planen er oppdatert og følges.

Med helsing

Aslaug Sandvin
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

